



Austevoll kommune

Handlingsplan for digital kompetanse

i grunnskulen i Austevoll

2018-2022



Vedtøken september 2018

INNHALD

1	Innleiing	3
2	Mål	3
2.1	KOMMUNE – Skuleeigar	3
2.2	EINING – Skuleleiar	3
2.3	LÆRAR - Leverandør	4
2.4	ELEV - Mottakar	4
3	Digital kompetanse/digitale ferdigheiter – ei avklaring	5
4	Digital kompetanse hos lærarane	5
5	Status	6
5.1	Strukturkvalitet – læringsmiljø og ressursar	6
5.2	Prosesskvalitet – læringsarbeidet.	7
5.3	Resultatkvalitet – utbytte av opplæringa	9
6	Planperiode	9
7	Handlingsstrategi	10
8	Avslutning	12
	Vedlegg: Å arbeide målretta med digitale ferdigheiter	13

Austevoll kommune

1 INNLEIING

Målsettinga for denne handlingsplanen er at barn og unge i Austevoll kommune skal utvikle dugleikar, kunnskapar, kreativitet og haldningar dei treng for å kunne bruke digitale medium for læring og meistring.

Handlingsplanen skal:

- medverke til å auke den digitale kompetansen hos elevane og tilsette
- gje føringar og strategiar for god måloppnåing
- leggje til rette for eit samanhengande læringsløp frå barnehage til vidaregåande skule
- leggje til rette for fysiske rammer som kan auke elevane sitt læringsutbytte

Austevoll kommune skal oppnå ei ein-til-ein dekning av digitale verktøy, og ungdomsskulen skal prioriterast ved innkjøp i første omgang.

2 MÅL

2.1 KOMMUNE – SKULEEIGAR

Kommunen skal

- gje elevar og tilsette i skulane i Austevoll tilgang til moderne undervisningsmetodar og digitale verktøy.
- gje tilstrekkeleg kompetanseheving for tilsette, og tilgang til digitale løysingar og utstyr.
- gje alle elevar tilgang til digitale verktøy som fremjar varierte arbeidsformer, og bidreg til individuell tilrettelagt undervisning.
- leggje til rette for at bruk av IKT vert eit verkemiddel som fremjar fornying og kvalitetsutvikling i skulen.

2.2 EINING – SKULELEIAR

Skulen skal

- ruste elevane våre til å møte den digitale framtida og den digitale verda dei vil oppleve i arbeidslivet.
- leggje til rette for at dei tilsette får auke sin digitale kompetanse.
- prioritere det digitale utviklingsarbeidet for dei tilsette, og innarbeide ein delingskultur og eit kompetansefellesskap, for å bli ein framtidsretta skule.

Austevoll kommune

- vere tidleg inne i arbeidet med nettvett og etikk.
- ha digitalt utstyr tilgjengeleg for alle elevar.
- ha ein tidsplan for å nå måla i handlingsplanen.
- kartlegge og styrke IKT kompetansen hos det pedagogiske personalet.

2.3 LÆRAR - LEVERANDØR

Læraren skal

- gje elevane ei undervisning som rustar dei for den digitale framtida.
- skape eit godt læringsmiljø som motiverer elevane til vidare digital læring.
- vere ein kompetent rettleiar, ta gode val ved bruk av metode og verktøy, og kunne avgjere når digitale verktøy er nyttig med tanke på undervisningsmetode og arbeidsoppgåve.
- bidra til delingskultur og kollegarettleing slik at erfaring og kunnskap vert delt og spreidd. Ved å arbeida i profesjonsfelleskap skal lærarane auke den digitale kompetansen sin.
- vere lojal til val skulen/kommunen tek, og vise evne og vilje til å vidareutvikle ferdigheitene sine.
- ha digital kompetanse som bidreg til at elevane når kompetansemåla og utviklar digitale ferdigheiter.

2.4 ELEV - MOTTAKAR

Alle elevar skal

- få like moglegheiter til utvikling av digitale ferdigheiter uavhengig av bakgrunn og økonomi.
- vere førebudd til å møte ei digitalt framtid, og oppleve livsmeistring.
- få variert og tilpassa undervisning.
- kunne bruke digitale verktøy, medium og ressursar hensiktsmessig og forsvarleg for å løyse praktiske oppgåver, innhente og behandle informasjon, skape digitale produkt og kommunisere.
- utvikle digital dømmekraft gjennom å tileigne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk.

3 DIGITAL KOMPETANSE/DIGITALE FERDIGHEITER – EI AVKLARING

I kompetansemåla i Kunnskapsløftet er digital kompetanse ein av fem grunnleggjande ferdigheiter, og IKT skal integrerast i alle fag. Digital kompetanse er ein nøkkelkompetanse for barn og unge i samfunnet dei veks opp i, og er difor viktig i læringsarbeidet.


Definisjon av digitale ferdigheiter:

Digitale ferdigheiter vil seie å kunne bruke digitale verktøy, medium og ressursar hensiktsmessig og forsvarleg for å løyse praktiske oppgåver, innhente og behandle informasjon, skape digitale produkt og kommunisere. Digitale ferdigheiter inneber også å utvikle digital dømmekraft gjennom å tileigne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk.¹

I denne handlingsplanen blir digital kompetanse definert som *dugleikar, kunnskap, kreativitet og haldningar som alle treng for å kunne bruke digitale medium for læring og meistring i kunnskapssamfunnet.²*

4 DIGITAL KOMPETANSE HOS LÆRARANE

Figuren under er ein illustrasjon av kva som ligg i omgrepet digital kompetanse for lærarane.



Kjelde: IKT-boka 1.0

Nivå 1 Verktøyferdigheiter

I fleire år har fokuset vore retta mot grunnleggjande bruk av datamaskin og ulik programvare. Krava til ferdigheitene vil naturleg endre seg over tid saman med dei teknologiske endringane. IKTplan.no er ei god rettesnor i arbeidet med digitale ferdigheiter og den

¹ Definisjonen er frå "Rammeverk for grunnleggjande ferdigheiter", Utdanningsdirektoratet 2012.

² Definisjonen er frå Forsknings- og kompetansenettverket for IT i utdanning (ITU).

Austevoll kommune

samsvarer med kompetansemåla i Kunnskapsløftet. I tillegg er LIKT (Lær IKT) ein god og systematisk reiskap frikjøpt for bruk i skulen. IKTplan.no og LIKT kjem til nytte på fleire av stega i illustrasjonen.

Nivå 2 IKT- medvit

Lærarane må ha eit bevisst forhold til IKT som verktøy. Ved bruk av IKT, vert kunsten å veve fagstoffet, pedagogikken, verktøybruken og verktøylæringa saman.

Nivå 3 Læringsstrategiar

Elevane lærer på ulike måtar. Gjennom bruk av IKT får elevane utvikle sine eigne strategiar: tekst, bilete, film, animasjon, nettressursar og pedagogiske program. Her gjeld det å rettleie elevane til å ta reflekterte og kritiske val.

Nivå 4 Oppførsel på nettet (nettvett)

Evne til kritisk å reflektere over informasjon og praksis, er ein sentral del av digital kompetanse. Elevane må bli lært opp i å utvikle ei kritisk haldning til etiske val dei gjer, både som deltakarar og formidlarar av digitalt innhald. Dette ser ein vert stadig viktigare.

Nivå 5 Delingsvilje

Delingsvilje er eit viktig punkt i læraren sitt daglege arbeid. Dersom vi deler med kvarandre, kan vi spare tid og arbeid, i tillegg til å auke den digitale kompetansen for kvar einskild.

Har vi god kompetanse på desse ulike nivåa, har vi til saman ein god digital kompetanse.

5 STATUS

Kvalitetsområda blir omtala ved å bruke omgrepa strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet.

5.1 STRUKTURKVALITET – LÆRINGSMILJØ OG RESSURSAR

GENERELT

Eit vedvarande arbeid med bruk av IKT i skulen kan kort summerast slik:

Austevoll kommune

**UTSTYR
INFRASTRUKTUR
DRIFT
KOMPETANSE**



Suksessfaktorane er klare i følgje Forskings- og kompetansenettverk for IKT i Utdanning:

- **Systematisk satsing på pedagogisk bruk av IKT**
- **Systematisk kompetanseutvikling** av lærarane i pedagogisk bruk av IKT
- Utarbeide **IKT-planar** som blir sett i **samanheng** med andre planar og som blir **forankra** i kollegiet.

PEDAGOGISK IKT-KONTAKT

Kvar skule skal setje av ressursar til ein funksjon som pedagogisk IKT-kontakt.

Vi treng kompetanseheving blant dei pedagogiske IKT- kontaktane på skulane og ny arbeidsinstruks må på plass. Det skal opprettast eit IKT-nettverk i kommunen som skal ha eit møte i kvartalet (kap. 7, punkt 4).

NETTVERK

Det er gjort store investeringar i kommunen sitt nettverk dei siste åra. Alle skulane har 1 Gbit/s linje inn som gjev dei god kapasitet. Full WIFI dekning er installert. Det betyr at skulane er klare til å handtere den nettverkstrafikken som følgjer med auka bruk av IKT-utstyr.

SKULEBIBLIOTEK

Alle skulane og Austevoll folkebibliotek er tilknytt Bibliotekservice/Tidemann, og kan praktisere eit elektronisk utlånssystem. Dei fleste skulane registrerer i dag bøkene i Tidemann, og på Austevoll ungdomsskule og Storebø skule, praktiserer elevane digitalt lån av bøker.

5.2 PROSESSKVALITET – LÆRINGSARBEIDET.

FLEKSIBEL ORGANISERING

Kunnskapsløftet krev fleksibel bruk og organisering av IKT når det gjeld tilgang på digitale verktøy i skularbeidet. Her er plassering av maskinene viktig.

- Ein-til-ein er fleksibelt.

Trådløst nettverk og berbare maskinar er viktig når det gjeld fleksibel bruk av IKT i skulekvardagen. Skulane i Austevoll kommune har trådløst Internett som supplement til fastnett i alle rom på skulane. Nettet er firedelt; eit administrasjonsnett, eit elevnett, eit BOYD

Austevoll kommune

nett (Bring You Own Device) og eit gjestenett. Skulane sine elevmaskinar bruker elevnettet, medan elevane sitt private utstyr, kan bruke BOYD og gjestenettet. Elevane får tilgang til sitt område på server via elevmaskin og elevnettet, men ikkje frå private maskiner eller BOYD/gjestenett.

NETTBASERTE LÆRINGSRESSURSAR

Kommunen har ikkje felles lisens for læringsressursar til læreverk. Dette er opp til kvar skule.

DIGITAL KOMPETANSE SOM GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEIT - IKTPLAN.NO

Senter for IKT i utdanning er eit forvaltningsorgan direkte under Kunnskapsdepartementet. Iktplan.no er ei teneste frå Senter for IKT i utdanning, og tilbyr ein systematisk plan for å utvikle digitale ferdigheiter i barnehagar og skular. Denne planen vert anbefalt for kommunane som handlingsplan for IKT i skulane. Austevoll kommune har teke utgangspunkt i denne, og forventar at den vert brukt aktivt på skulane i arbeidet med IKT som grunnleggjande ferdigheit.

HEIMESIDE

Alle skulane skal ha ei heimeside med generell informasjon som presenterer skulen og kommunen. Denne skal til ei kvar tid vere oppdatert.

ERFARINGSSPREIING

Kvar skule skal ha ein pedagogisk IKT- kontakt. Vedkommande deltek i eit kommunalt IKT-nettverk, styrt av pedagogisk IKT-rettleiar i kommunen.

Det skal opprettast ei delingsplattform for dei pedagogisk tilsette i Austevoll kommune.

FELLESPROSJEKT PR. 2018

Austevoll kommune har fleire prosjekt gåande i skulen knytt til IKT:

- LMS – overgang frå It's Learning til Canvas 2018/2019
- Magnimaster – program for lesetrening og leseopplæring
- Textpilot – program med lese- og skrivestøtte
- LIKT – pakke med verktøysferdigheit (Microsoft Office, Internett, nettvett)
- Heimeside
- Biblioteksystemet Tidemann
- Interaktive tavler/skjermer
- AskiRaski – program for lesetrening og leseopplæring
- SOL – program for registrering av systematisk observasjon av lesing

Austevoll kommune

- E-feide frå Identum
- Visma Flyt Skole

5.3 RESULTATKVALITET – UTBYTTE AV OPPLÆRINGA

Dokumenterte resultat – eksamen/prøver

- I førebuinga til eksamen brukar elevane digital informasjon og digitale verktøy. Eksamen i norsk, engelsk og matematikk på ungdomsskulen blir gjennomført digitalt.
- Nasjonale prøvar i norsk, engelsk og matematikk skal gjennomførast digitalt for alle elevar på 5., 8. og 9. trinn.
- Utdanningsdirektoratet har lagt til rette for kartlegging av digitale ferdigheiter på 4. trinn. Prøven er førebels frivillig og ikkje eit nasjonalt krav. Austevoll kommune har valt at alle elevar på 4. trinn skal gjennomføre denne prøven.
- Nasjonalt blir det årleg gjennomført ei obligatorisk elevundersøking. Der kjem elevane også inn på i kva grad dei brukar IKT i skulekvardagen.

6 PLANPERIODE

For å forankre bruken av digitale verktøy i skulen si pedagogiske plattform, skal handlingsplanen gjelde over eit lengre tidsperspektiv. I dette opplæringsprosjektet bør ein ha eit tidsperspektiv på 2-5 år med ei evaluering og revidering etter 3 år.

7 HANDLINGSSTRATEGI

Tiltak nr.	Kva	Korleis	Kvifor	Kven	Når
1	Ny handlingsplan for digital kompetanse vert presentert, saman med anbefaling av verktøy.	Vert lagt fram for politikarar og skuleleiing.	For å skape felles forståing og tydeleggjere enkelte punkt.	Arbeidsgruppa	Ved ferdigstilling september 2018
2	Etablere ei styringsgruppe med mynde som skal følgje opp tidsplanar og implementering i skulen.	Skuleeigar sett ned ei gruppe som skal følgje opp innsatsen til skulane med implementering av handlingsplan for IKT i grunnskulen.	Det er problematisk å følgje dette opp utan eit eige organ med rett mynde.	Skal innehalde representantar frå eigar, skule og arbeidsgruppa.	Så snart planen er godkjent.
3	Skuleleiar skal lage ein eigen plan for implementering av handlingsplanen for eininga si. Den skal vere ein konkret handlingsplan med milepælar som skal til godkjenning hos styringsgruppa.	Ut frå innhald i plan og kompetanse på arbeidsplassen, må kvar skule sjå på korleis ein på best og raskast måte kan få dette realisert.	Utan ein plan vil det verte vanskeleg å følgje opp implementeringa og styringsgruppa har ikkje ein mal å styre etter.	Rektor saman med sine representantar.	Så snart som mogleg, og innan utgangen av 2018.
4	Etablere ei kommunal nettverksgruppe der skulane sine pedagogiske IKT-kontaktar kan møtast og dele erfaringar.	Skuleeigar/skuleleiar peikar ut personar for eininga si til nettverket. Pedagogisk IKT-rettleiar tek ansvar for oppstart av nettverk.	Det er vesentleg med god informasjonsflyt og overføring av erfaringar mellom einingane, for å auke kompetansen.	Pedagogisk IKT-rettleiar og pedagogisk IKT-kontakt	August 2018

Austevoll kommune

5	Innføre ein-til-ein dekning av digitale verktøy til elevane, med prioritering: <ul style="list-style-type: none"> 1. ungdomsskulen 2. mellomtrinn 3. småtrinn 	Setje av midlar i budsjett til innkjøp av digitale verktøy.	Organisering, rullering og pålogging er ein tidstjuv og hindrar undervisninga. Prioriteringa er gjort ut frå behov knytt til eksamen.	Kommunestyret/ Skuleeigar	Så snart som mogleg.
6	IKTplan.no skal vere hovudkjelda til korleis ein jobbar og nyttar IKT i klasserommet.	Alle pedagogisk tilsette i kommunen må få presentert nettsida og bruke denne i den daglege planlegginga av undervisninga.	IKTplan.no har gjort ein grundig jobb med å samle dei digitale kompetansemåla elevane skal nå for ulike klassetrinn. Dei kjem også med forslag til korleis ein kan nå måla, og er difor ein god arbeidsreiskap.	Pedagogisk IKT-kontaktar på skulane.	August 2018
7	Ein delingskultur skal etablerast blant dei pedagogisk tilsette.	Ein temadag kan vere ein bra start, men det er i kvardagen denne jobben må gjerast.	Utan kollektiv vilje og avsett tid, vil eit digitalt kompetanseløft vere vanskeleg å få til.	Skuleleiar, pedagogisk IKT-retteleiar, pedagogisk IKT-kontakt og pedagogisk tilsette.	Så snart som mogleg.

8 AVSLUTNING

Handlingsplanen skal medverke til å auke den digitale kompetansen hos elevane og dei tilsette i skulen, og må gje føringar og strategiar for god måloppnåing. Ein skal leggje til rette for eit samanhengande læringsløp frå barnehage til vidaregåande skule, og leggje til rette for fysiske rammer som kan auke elevane sitt læringsutbytte. Austevoll kommune skal oppnå ei ein-til-ein dekning av digitale verktøy, og ungdomsskulen skal prioriterast i første omgang.

Handlingsplanen inneheld ein handlingsstrategi med sju punkt. Desse er viktige for implementering av planen og tydeleggjer skulane sitt ansvar i prosessen. I strategien ligg det føringar om å etablere eit fungerande IKT-nettverk mellom skulane i kommunen. Dette vil vere ei god støtte for skuleleiarar og dei pedagogiske IKT-kontaktane. Den enkelte skule må gjere eit kartleggingsarbeid av kompetansen blant dei tilsette for å identifisere kva kompetanseheving som trengs på kvar eining. Det er ikkje sikkert at behova er like.

Handlingsplanen har eit vedlegg. Innhaldet er henta frå IKTplan (www.iktplan.no) og dekker dei digitale kompetansemåla for 1.-10. trinn. Det viser kva ferdigheiter elevane skal ha for å oppnå måla og korleis ein som lærar kan arbeide med måla. Dette vil vere ein nyttig reiskap i ein hektisk skulekvardag.

- *Vedlegg: Å arbeide målretta med digitale ferdigheiter*

VEDLEGG: Å ARBEIDE MÅLRETTA MED DIGITALE FERDIGHEITER

KOMPETANSEMÅL ETTER 2. TRINN:

Mål:	Elevane skal kunne bruke ein nettlesar og kjenne att søkefelt.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Starte og avslutte ein nettlesar 2. Kjenne namnet på minst ein nettlesar 3. Bla fram og tilbake på sider i nettlesar ved å bruke piltastane 4. Kjenne igjen eit søkefelt 5. Vite kva vi meiner med søkeord 6. Kjenne igjen ei lenkje 7. Vite at ikkje alt som står på Internett er sant 	www.google.no www.kvasir.no www.bing.no

Mål:	Elevane skal kunne produsere ein enkel samansett tekst	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vite korleis ein lagar store og små bokstavar (shift) 2. Vite korleis ein endrar farge og storleik på bokstavar (fonttype og farge) 3. Finne bilete frå eit clipartbibliotek som høyrer til det produktet ein brukar 4. Setje inn eit bilete, clipart eller anna visuelt element 5. Kunne bryte tekst rundt bilete 	Ulike tekstbehandlarar og presentasjonsverktøy som Word, PowerPoint, Notebook, OneNote, Prezi, Canvas.

Mål:	Elevane skal kunne sende digitale meldingar.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Opprette ei digital melding i Canvas, Skype, Facetime o.l. 2. Kjenne igjen ei e-postadresse 3. Vite kor dei skal skrive inn namn/adresse til mottakar 4. Velje mottakarar frå ei liste 5. Kjenne igjen emnefelt/overskrift 6. Bruke svar (reply)-funksjon når ein svarar på ei melding 	LMS, Canvas

Mål:	Elevane skal kunne ivareta rettar og ansvar knytt til eige og andre sine passord	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vite kvifor passord er viktig 2. Vite at brukarnamn og passord er personlege 3. Kunne lage eigne passord med både tal, teikn og bokstavar 4. Kunne eigne brukarnamn og passord 	Elevane skal kunne logge på elevmaskiner, LMS og nettressursar som krevjar brukarnamn og passord.

Mål:	Elevane skal kunne ivareta rettar knytt til egne personopplysningar	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vite kva ei personopplysning er 2. Vite at egne personopplysningar brukast av andre 3. Vite at personverninnstillingane kan endrast 4. Vite at du må samtykke for at andre får dele opplysningar om deg 5. Vite at bilete på nett inneheld informasjon om kvar bilete er teke 	Diskusjon og refleksjon over kva ein deler med andre og kva dette kan nyttast til. Digital dømmekraft (iktplan)

KOMPETANSEMÅL ETTER 4. TRINN:

Mål:	Elevane skal kunne søke og finne relevant informasjon.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kunne skrive inn nettadresser i adressefelt i nettlesaren 2. Kjenne til minst to søkemotorar (informasjonssøk - google, bing, kvasir jr., biletsøk, digitalt leksikon - SNL, Wikipedia) 3. Vite kva vi meiner med faner, og kunne opne fleire i nettlesaren 4. Bruke favorittfunksjon i nettlesar (leggje til og fjerne) eller andre verktøy som gjer at ein finn igjen nettadresser på ein høveleg måte 5. Definere kva som skal vere startside i nettlesar (om mogleg) 6. Kjenne til nokre endingar i nettadresser (.no, .org, .com, .edu) 7. Kjenne til nokre strategiar for å finne ut kven som er eigar/forfattar av nettstad 	Søkjemotorar som Google og Kvasir. Store Norske Leksikon (www.snl.no) Wikipedia Kartsøk (www.kartiskolen.no)

Mål:	Elevane skal kunne produsere ulike samansette tekstar.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Skalere bilete slik at ein held på storleikstilhøva 2. Skjære til bilete 3. Endre farge og fargemetting 4. Bruke ulike effektar på bilete (gamal, s/kv, kolfargar, gjennomsiktig) 5. Plassere element framover/bakover 6. Endre skrifttype (font) 7. Høgre, venstre, blokkjustert, midtstilt 8. Vite at alle digitale produkt har ein eigar - det er nokon som har rettar på produktet 9. Lage lenkjer under bilete for å vise til kjelde - kopiere lenkje og lime inn 10. Lagre og namngje filer på ein høveleg måte for å finne dei att 	Ulike tekstbehandlarar og presentasjonsverktøy som Word, PowerPoint, Notebook, OneNote, Prezi, Canvas.

Austevoll kommune

Mål:	Elevane skal kunne sende e-post.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sende og svare på e-post (svar, vidaresend, opprett ny) 2. Fortelje forskjell på felta "til", "kopi" og "blindkopi" 3. Fortelje forskjell på "svar til ein" og "svar til alle" 4. Bruke søkefunksjon for å finne igjen e-post basert på sendar og/eller emne 5. Leggje ved filer som vedlegg (t.d. oppgåver som skal til lærar) med tanke på å få tilbakemeldingar 6. Opprette ein god mappestruktur (fagmapper) 7. Gje døme på typisk spam-e-post 	LMS, Canvas

Mål:	Elevane skal nytte rekneark for å organisere informasjon i form av tekst og tal.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kjenne til omgrepa celle, kolonne og rad 2. Bruke autosummer -funksjon 3. Slå saman celler slik at tekst går over fleire kolonnar med tal 4. Bruke dei fire rekneartane i utrekningar i enkeltceller 5. Bruke filtreringsfunksjon (alfabetisk, numerisk) 6. Lage eit søylediagram 7. Endre farge på celler 	Reknearkprogram som Excel.

Mål:	Elevane skal kunne førebyggje og handtere uønskte hendingar på nett	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Forstå at uønska hendingar kan skje på 2. Vite kva digitale krenkingar er 3. Kunne kjenneteikn på digital mobbing 4. Vite kva dei skal gjere om dei opplever krenkingar gjort mot andre 5. Vite kven dei kontaktar om dei opplever uønska hendingar 	Digital dømmekraft (iktplan) Dubestemmer.no www.barnevakten.no www.medietilsynet.no www.slettmeg.no

Mål:	Elevane skal vere i stand til å vurdere innhald og kjelder.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vite kva informasjonskapslar er 2. Forstå at avsendaren ikkje alltid er den han utgjer seg for å vere 3. Vite at dei betaler for spel og appar med personopplysningar 4. Vite at bruk av spel og appar ofte kostar mykje pengar sjølv om dei er gratis å laste ned 5. Vite at aktørar har interesser i deira nettaktivitet 	Diskusjon og refleksjon Digital dømmekraft (iktplan)

KOMPETANSEMÅL ETTER 7. TRINN:

Mål:	Elevane skal kunne gjere målretta søk i ulike søkemotorar og digitale medium.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kjenne til ulike typar søkemotorar for informasjonssøk, kartsøk, biletsøk, digitale leksikon, fagspesifikke sider, video 2. Søke etter informasjon basert på filtype 3. Søke etter informasjon basert på dato publisert 4. Søke etter innhald som er merka med lisens for fri bruk 5. Kjenne til strategiar for å avgrense søk (boolske operatørar) 	Søkemotorar som Google og Kvasir. Store Norske Leksikon (www.snl.no) Wikipedia Kartsøk (www.kartiskolen.no) YouTube

Mål:	Elevane skal vurdere troverdigheit på nettsider med rammeverket TONE.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vite at kjeldekritikk handlar om å vurdere alle elementa på ei nettside 2. Kjenne til rammeverket TONE og at bokstavane står for truverdig, objektiv, nøyaktig og eigna 3. Vite at ein skal samanlikne fleire kjelder når ein utøvar kjeldekritikk 4. Forklare kvifor det er viktig å vite kven som er forfattar (eller eigar av nettstad) er med tanke på å vurdere kor truverdig og objektiv sida er 5. Vite at tenesteleverandørar brukar søkehistorikk og brukarprofil for å gje personaliserte søketreff 6. Vite at ein må vere skeptisk til sider som gjev råd om skadeleg slanking (pro-ana), bruk av rusmiddel og oppfordrar til sjølvskading og sjølv mord 7. Vite at ein må vere skeptisk til nettsider som blir drive av ekstremistar med tanke på legitimering og rekruttering til saka si 8. Vite at ein skal vere skeptisk til sider som oppfordrar til rasisme, diskriminering og terror 9. Vite at nokre nettsider også kan innehalde skadeleg programvare (falske meldingar om virus og datamaskinproblem, innhenting av sensitive personopplysningar) 	Diskusjon og refleksjon Rammeverket TONE eller TONE-ressurshefte (tilgjengeleg på iktplan.no)

Mål:	Elevane skal kunne produsere og redigere samansette tekster med lenka innhald.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kjenne til dei mest brukte bileteformata 2. Lage hyperlenkjer i løpande tekst og på bilete (lenkjer til eksternt eller internt innhald og kva ein 	Ulike tekstbehandlarar og presentasjonsverktøy

Austevoll kommune

nå målet?	<p>må tenke på når ein lenkjer internt og skal sende til andre)</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Lage ei automatisk produsert innhaldsliste 4. Lage ulike typar diagram (tabell, søyle, sektor, line) til bruk i presentasjon 5. Kunne fortelje om copyright-symbol (C) 6. Kunne fortelje om lisenssymbola i Creative Commons 7. Vite kva omgrepa remix og mashup er 	<p>som Word, Excel, PowerPoint, Notebook, OneNote, Prezi, Canvas.</p> <p>Diskusjon</p>
-----------	--	--

Mål:	Elevane skal presentere tekst og tal i form av ulike typar diagram.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Forklare kva type diagram som passar for ulike typar data 2. Lage ulike typar diagram (søyle, sektor, line) 3. Endre bakgrunn og farger på diagram 4. Forklare omgrepet konstant 5. Kjenne til enkle typar formatering, t.d. tekstbryting, type data for celle(r) og liknande 6. Slå saman eller dele opp celler 7. Vise til kjelder frå kvar ein har henta taldata frå (i enklaste form lenkje) 8. Bruke rekneark for å sortere lister frå dokument alfabetisk (eller numerisk) 	<p>Reknearkprogram som Excel.</p>

Mål:	Elevane skal kunne bruke samarbeidsverktøy og presentere arbeid i digitale medium.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gje døme på sensitive opplysningar 2. Gjere greie for normer ein bør følgje når ein arbeider i samskrivingsverktøy på Internett 3. Gjere greie for fleire ulike reglar for god nettetikette når det gjeld digital kommunikasjon 4. Kjenne til fleire delingsarenaer på Internett og kva type informasjon dei er meint for (dokument, presentasjon, video) 5. Opprette og kommentere tekst frå andre i eit samskrivingsdokument 6. Setje inn kommentar/merknad i andre sine dokument 7. Kunne lese inn ei lydfil som svar i LMS eller med anna passende verktøy 8. Lage distribusjonsgrupper for e-post 9. Vite kva ein embed-kode er 	<p>LMS, Canvas Samskrive.ndla.no Padlet.com Google Disk Slideshare.net YouTube</p> <p>Lydinnspeiling (Windowsprogram)</p>

Mål:	Elevane skal kunne ivareta ansvar knytt til andre sine personlege opplysningar.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vite at andre må samtykke for at du kan dele personopplysningar om dei 2. Vite at aldersgrensa for samtykke er 15 år, om ein er yngre må føresette gje samtykke 3. Vite at yringsfridom ikkje gjev deg rett til å seie ting som er krenkjande, diskriminerande og sjikanerande 4. Kunne dei ulike reglane for samtykke avhengig av motivet på biletet 	Diskusjon og refleksjon Dubestemmer.no Digital dømmekraft (iktplan)

Mål:	Elevane skal kunne ta vare på rettar og ansvar knytt til privatliv.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vite kva personvern er 2. Kunne endre personverninnstillingar på tenester dei brukar 3. Ha kjennskap til kva slags informasjon som lagrast om dei 4. Kjenne til innhaldet i FN sin barnekonvensjon 	Diskusjon og refleksjon Dubestemmer.no Digital dømmekraft (iktplan)

KOMPETANSEMÅL ETTER 10. TRINN:

Mål:	Elevane skal kunne bruke søkestrategiar og vise til kjelder i eige arbeid.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kjenne til nokre metodar for å lagre bokmerke i skya (sosial bokmerking) 2. Søke informasjon etter filtype, lisens og dato 3. Bruk av boolske operatørar 4. Kunne vise til kjelder på ein slik måte at ein kan finne igjen kjelda (i enklaste form fotnote i tekst og liste over nettadresser eller nettadressa i fotnota) 5. Kjenne til omgrepet plagiering 	Ulike nettlesarar Xmarks.com Søkjemotorar som Google og Bing

Mål:	Elevane skal kunne produsere og redigere samansette tekstar med mottakarmedvit.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kjenne til ulike publiseringsmåtar på Internett (heimeside, wiki, blogg, kommentarfelt, delingsarenaer for presentasjonar/videoar) - for ein, fleire eller alle 2. Lage og setje inn eit lydopptak i ein samansett tekst (også få lyd til å gå over fleire lysbilete i ein presentasjon) 3. Fortelje om dei mest brukte lydformata 	Ulike tekstbehandlarar og presentasjonsverktøy som Word, Excel, PowerPoint, Notebook, OneNote, Prezi, Canvas, blogg, heimeside osv.

Austevoll kommune

	<ol style="list-style-type: none"> 4. Lage og setje inn i ein video i ein samansett tekst (også la video starte automatisk eller ved klikk) 5. Fortelje om dei mest brukte videoformata 6. Enkel lyd-, bilete- og videoredigering 7. Lage enkel animering av tekst i presentasjonsprogram 8. Vite at lenking til lokalt innhald er ei utfordring når ein skal dele (vite korleis ein "pakkar" ein presentasjon) 9. Lage ei klikkbar innhaldsliste med fleire nivå 	<p>YouTube og Vimeo Slideshare Lydinnspeiling (windowsprogram)</p>
--	---	---

Mål:	Eleven skal kunne lage rekneark for å organisere og systematisere taldata.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Setje opp eit enkelt budsjett og bruke konstant 2. Fryse rader slik at rader og/eller kolonnar blir ståande fast når ein scrollar 3. Skrive inn enkle formlar i rekneark 4. Bruke filterfunksjon for å sortere ut data 5. Vise til celler på tvers av ark i same arbeidsbok. 6. Namngje celler med namn (høveleg når ein brukar konstantar) 7. Kjenne til skilnaden på absolutt og relativ cellereferanse 8. Enkel formatering av diagram (namn på aksar, farger, overskrift) 9. Endre frå brøk til prosent til desimaltal 	<p>Reknearkprogram som Excel.</p>

Mål:	Elevane skal kunne kommunisere og samhandle i digitale medium.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kjenne til nokre sosiale nettverk og delingsarenaer, og kva slags type samhandling desse er tenkte for (skilnaden på LinkedIn, Facebook, Twitter, YouTube, wiki, blogg, Slideshare, Vimeo osv) 2. Vite korleis ein opprettar ein konto på eit sosialt nettverk eller for å bruke nettbaserte kommunikasjonsstenester 3. Kjenne til omgrepa personvernerklæring og brukarvilkår 4. Kjenne til omgrepet sky(tenester) 5. Kjenne til ulike former for lagring (lokalt, nettverk, sky, minnepenn, ekstern disk) 6. Kjenne til ulike typar synkrone og asynkrone kommunikasjonsverktøy 7. Vite kva ein legg i omgrepet PLN (personleg læringsnettverk) 	<p>Diskusjon og refleksjon</p> <p>Personvernerklæringar og vilkår (pdf iktplan)</p>

Mål:	Elevane skal kunne drøfte mogelegheiter og utfordringar ved fildeling.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kjenne til nokre ulike fildelingsarenaer (t.d. YouTube, Slideshare, wiki, Dropbox, blogg, nettbaserte lagringstenester med høve for deling (skydrive, googledrive)) 2. Kunne laste opp/ned filer frå/til nettbaserte delingstenester 3. Vite at gjennom å godta brukarvilkår kan ein gje frå seg rettar til det ein lastar opp 4. Kjenne til reglar for opphavsrett og kjenne igjen opphavsverna materiale 5. Vite at ulovleg fildeling fører til at den som eig verket ikkje får betalt 6. Vite at ulovleg fildeling/filnedlasting er straffbart og kan føre til bøter og/eller fengselsstraff (ref. lovdata, døme frå media) 	<p>Diskusjon og refleksjon</p> <p>Google Disk Dropbox.com</p> <p>Åndsverkloven</p> <p>Digital dømmekraft (iktplan)</p>

Mål:	Elevane skal kunne ta ansvar for handlingane sine på nett.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vite at dei er ansvarlege for alt innhald dei sjølv publiserer på nett 2. Vite at dei er ansvarlege for innhald som andre publiserer på deira sider og profilar 3. Kjenne til relevant lovgjeving som regulerer åtferd på nett 4. Kunne kjenne igjen ulike typar uønska hendingar 5. Kunne handtere uønska hendingar på nett 	<p>Diskusjon og refleksjon</p> <p>Dubestemmer.no barnevakten.no medietilsynet.no www.slettmeg.no</p> <p>Digital dømmekraft (iktplan)</p>

Mål:	Elevane skal forstå at dei etterlét seg digitale spor.	Korleis:
Kva må eleven kunne for å nå målet?	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vite kva informasjonskapslar (cookies) er 2. Vite kva <i>filterbobler</i> er 3. Vite kva personretta reklame er 4. Vite kva personalisering av søketreff betyr 5. Vite at ein betalar for tenester for personopplysningar 	<p>Diskusjon og refleksjon</p> <p>Digital dømmekraft (iktplan)</p>